



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
10.07.2014
Dykkar dato
04.07.2014

Vår referanse
2014/8760 421.3
Dykkar referanse
14/3835

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Lindås - gnr 56 bnr 12 - frådelling til fritidsformål

Me viser til oversending frå Lindås kommune mottatt 04.07.2014.

Saka gjeld frådelling av om lag 1000 m² til fritidsformål i eit LNF-område. Arealet er skogsmark av sær høg bonitet. Heile skogsparcellen er 3,6 da. Det går veg til skogsparcellen over den parcellen som er tenkt delt frå.

Eigedomen som det er søkt om frådelling frå, har eit samla areal på nær 287 da. Av dette er 36 da fulldyrka og 8,8 da innmarksbeite. 210 da er skogsmark av sær høg og høg bonitet. Eigedomen er i drift.

Fylkesmannen sine merknader

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak det føremålet området er sett av til i gjeldande arealplan vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf plan- og bygningslova (pbl) § 19-2.

Kommuneplanen til Lindås er av nyare dato og ein har såleis nyleg vurdert kva areal som kan byggjast ut og kva areal der andre interesser enn byggeinteressene veg tyngre. Kommunen opplyser om at det er tilgjengeleg areal i området på andre sida av vegen som er lagt ut med formål fritidsbustad. I vurderinga av om dispensasjon skal tillatast vert ikkje avgjerande at dette arealet er eigd andre grunneigarar, då det er spørsmålet om kva som er tenleg arealbruk som skal avgjerast.

Kommunen skriv i si saksutgreiing m.a. at:

Dersom parcellen som ligg i LNF område skal kunne nyttast til føremålet, må parcellen få veg og avlaup. Veg vil vere felles med skogsveg for landbruks eigedommen og vil truleg gjere tilgjenge for skogsdrift dårlegare. Det er heller ikkje ynskjeleg at det kjem ei einskilt tomt for hytte og kiler seg inn i LNF området. Tryggleik og miljø kan verte dårlegare —knytt til at skogområdet vert redusert og det vert blanda nyttetraffikk med tung reiskap inn i trafikk der ungar skal ferdast til og frå bading og anna fritidssyssele. Og støy frå skogsdrift eller anna bruk av landbruksareala kan skape konflikt.

Fylkesmannen tiltrer kommunen si vurdering. Fylkesmannen vil også peika på at ei frådelling er avhengig av dispensasjon frå deleforbodet i 100-metersbeltet frå sjø og vassdrag i pbl § 1-8.

Fylkesmannen rår etter dette til at det ikkje vert gitt dispensasjon som omsøkt.

Med helsing

Arve Meidell e.f.
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.